



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Småkraft AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår dato: 25 JAN 2013
Vår ref.: NVE 200804806-35 ki/saas
Arkiv: 312 /155.B20
Dykkar dato: 21.01.2013
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Søknad om auka slukeevne i Reinåga kraftverk i Hemnes kommune, Nordland – NVEs vedtak

Vi viser til Dykkar søknad av 21.01.2013 om løyve til å auke slukeevna i Reinåga kraftverk, og til vedtak av 02.03.2012 der NVE gav løyve til å byggje Reinåga kraftverk og å regulere Reinåvatnet.

Småkraft AS ønskjer no å auke slukeevna til kraftverket frå 660 l/s til 800 l/s. Dette utgjer ein auke på ca. 20 %. Søknaden er grunngjeven med at Småkraft AS dei siste 4 åra har gjort vassføringsmålingar i Reinåga og funne at avrenninga i feltet er noko større enn det som låg til grunn for gjeldande konsesjon. Det var opphavleg rekna med ei middelvassføring i Reinåga på 350 l/s medan dei nye målingane viser 360 l/s. Ved å samanlikne med nærliggjande vassmerke (Fossmark) og eige kraftverk (Urlåga) ser ein at avrenninga dei 4 siste åra var lågare enn i eit normalår. Småkraft AS gjer ei vurdering av at Reinåga truleg har 20 % høgare forventa avrenning enn NVE sitt avrenningskart. Dette tilsvarar ei middelvassføring på 420 l/s.

Generelt sett vurderer NVE at ei vesentleg endring i slukeevne ikkje kan klarerast innanfor detaljplangodkjenninga, men at det krev ei eiga vurdering og vedtak etter vassressurslova § 8. Løyve til ein auke kan gjevast dersom fordelane ved tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser.

NVE meiner at endringa er så avgrensa i omfang at vi ikkje har funne det nødvendig å sende den på høyring, jf. vassressurslova 24, 2. ledd, post a). Dette ut i frå at det ikkje er nye område eller vassdragsstrekningar som blir påverka og at dei nye vassføringsmålingane tyder på at utnyttinga av vassdraget blir den same som det var lagt opp til i gjeldande konsesjon. Det var heller ikkje store konflikhtar knytt til storleiken på vassuttaket den gong søknaden til bygging av Reinåga kraftverk og regulering av Reinåvatnet vart behandla.

Ein auke i slukeevne frå 660 l/s til 800 l/s vil gje ein auke i produksjon i kraftverket på ca. 0,5 GWh. Dette vil skje utan vesentlege meirkostnader og NVE sluttar seg til at det økonomisk sett vil vere lønnsamt med ein slik auke i slukeevna.

I gjeldande konsesjon er det sett krav om minstevassføring på 60 l/s i tida 01.05 – 30.09 og 10 l/s resten av året. Samtidig som Småkraft AS ønskjer å auke slukeevna til kraftverket vil dei også auke

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

minstevassføringa tilsvarende med 20 %. Dette tilsvarar 72 l/s i tida 01.05 – 30.09 og 12 l/s resten av året. I gjeldande konsesjon er det gjeve løyve til å regulere Reinåvatnet mellom kote 700 og kote 700,5. Det er ikkje søkt om endring i reguleringsregimet og NVE føreset at dette vert som før. Med dette reguleringsregimet, samt ei noko auka minstevassføring vurderer NVE at den omsøkte endringa kan vere noko positiv for fossen i Reinåga.

Etter NVE si vurdering vil ein auke i slukeevne gje ei betre utnytting av ressursane i vassdraget utan at miljøverdiar eller andre allmenne interesser vil bli nemneverdig påverka.

Konklusjon


I medhald av vassressurslova § 8 gjev NVE løyve til at Reinåga kraftverk kan byggjast med ei slukeevne på 800 l/s. Det skal sleppast ei minstevassføring på 72 l/s i tida 01.05 – 30.09 og 12 l/s resten av året. Andre vilkår i konsesjonen av 02.03.2012 med merknadar til vilkåra er uendra.

Sidan det er fastsett ei auke i minstevassføringa har vi teke dette inn i konsesjonsvilkåra og endra post 1 i samsvar med dette. Eit nytt sett konsesjonsvilkår er difor lagt ved. Alle andre vilkår er som nemnt uendra. Dette gjeld også krav om byggjefristar som gjeld frå konsesjonen vart gjeve 02.03.2012.


Rett til å klage

Denne avgjersla kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunkt denne underretninga er kommen fram, jf. fvl. Kapittel VI. Ein eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Vedlegg: Nye konsesjonsvilkår.

Kopi: Hemnes kommune, 8646 KORGEN
Fylkesmannen i Nordland, Statens Hus, 8002 BODØ
Nordland fylkeskommune, Fylkeshuset, 8048 BODØ